

Alver kommune

Avd. Kart og oppmåling

v/ Kjartan Medaas



Lindås, den 3. mars 2021

Underskrivne Einar Lygre (Gnr. 108 br.3) og Jørgen Øvstegård (G.nr. 103 br.50) ber med dette om retting av grensene mellom vår eigedomar kring tunet til Jørgen Øvstegård og Inger Johanne Øvstegård slik som vist på vedlagte kart.

Forklaring til kartet.

Dei blå linjene viser matrikkelkartet sine grenselinjer mellom eigedomane. Bokstavane viser knekkpunkt.

Dei raude linjene viser korleis vi meiner at den korrekte grenselinja skulle vore teikna inn og som vi ønskjer matrikkelen skal rettast til.

A:B er teikna som ei rett linje frå eit punkt midt mellom dei to våningshusa, gjennom ein bit av tunet til br. 50 og vidare opp til ein bergrabb på austsida av gardsvegen til br. 3. Denne linja krysser 3 murar pluss ein bergkant forutan gardsvegen. Desse tre murane er ført opp dels på 18-hundre talet eller for meir enn hundre år sidan. Foto viser desse murane.

a:b er ein mur som løfter gardsplassen til br. 3 litt over tunet til br. 50. Inntil denne muren stod Dordistova. Stova er nemnd i Bygdebok for Lindås i eit skifte frå 1866.

B:C er matrikkelgrensa som går nedover rabbar, kryssar flaten rundt garasjen til br.50, går gjennom eit hjørnet av garasjen og opp til nok eit kryss i berg.

b:c Den nye grensa følgjer muren til gardsvegen og vil deretter følgje muren til sidevegen (ikkje innteikna på matrikkelkartet) som går frå gardsvegen og ned på vestsida av løa til br. 3. Han vil gå rundt **(d)** garasjen slik at det blir ein plass på to meter frå garasjen

Vi har teikna inn grensene etter dei *naturlege* grensene som har vore der i over hundre år. Så kan ein undra seg over kvifor grensene vart teikna slik som dei står i matrikkelen på 50-talet. Vi trur at det var fordi ein meinte ein måtte setja krossar i fast fjell. Det var berre mogleg i dei bergrabbane som stakk opp. Å setja krossar i oppmurde steinmurar var ikkje aktuelt, dessutan var avstanden frå krossane til dei naturlege grensene svært kort, maks 3 m på det breiaste.

Dei nye grenselinjene endrar ikkje på bruksrettar etc., men kan hindra krangel når neste generasjon, som neppe er våre born, tek over eigedomane.

Vedlegg:

skjeldningsforretning
- Kopi av matrikkelkart med innteikna nye grenser.

- Foto av tunet til br. 50 som får nye grenseliner
- Foto av vegmuren til vegen mot vestsida av løa til br. 50. Der garasjen no står vart det på 1890-talet ført opp ei løe. Låvebrua til denne løa gjekk frå denne vegen over den vesle grøne plenen inn til den gamle løa. Løa vart riven på 1950-talet.
- Foto av dei gamle murane i tunet til br. 50

Einar Lygre
Einar Lygre

Inger Johanne Øvstegård
Inger-Johanne Øvstegård

Jørgen Øvstegård
Jørgen Øvstegård